



Mandat

Faggruppe 3: Digitalisering og innovasjon – tekniske tenester i nye Ålesund kommune

Leiar: Tom Rian

Kontakt i K6: Irene Kalstad Aase

Kontakt i S3: Helge Veum

Deltakarar:	Kommune:
Kjetil Grytten Einingsleiar BLA (Byggesak, Landbruk og Arealforvaltning)	Haram kommune
	Sandøy kommune
Regine Bruteig (delingssaker)	Skodje kommune
	Ørskog kommune
Tom Rian (plan/bygning)	Ålesund kommune
Marthe Honningdalsnes	Tillitsvalt - Ålesund

Faggruppa sine oppgåver:

- Sørge for at det blir gjort kartleggingar knytt til innovasjon og digitalisering i delprosjektet, og som ein del av dette legge til rette for og gjennomføre inkluderande dialog om innovasjon og teknologi ned i delprosjektet.
- Skaffe og vedlikehalde oversikt over pågåande innovasjonsprosjekt innan kommunal-/stabsområdet.
- Vedlikehalde oversikt over moglege innovasjon og digitaliseringstiltak som etter gruppas vurdering gir størst gevinstar. Det skal drøftast med styringsgruppa for delprosjektet om og korleis disse tiltaka kan settast ut i livet.
- Sikre brei involvering av dei tilsette i kommunal-/stabsområdet om innovasjon.
- Følgje opp status for fagsystem innan kommunal-/stabsområdet
 - o Vedlikehalde faktisk oversikt over status for fagapplikasjonar på området
 - o Koordinere i prosessane med nye avtaler, oppgraderingar og anskaffingar
 - o Det bør opprettast eigne arbeidsgrupper (prosjekt) for kvart fagsystem som må handterast. Faggruppa for innovasjon og digitalisering skal koordinere dette arbeidet
 - o Ha dialog med arbeidsgruppe i S3 for fagapplikasjonar.
- Vere kontaktpunkt opp mot delprosjekt S3 Teknologi og digitalisering
- Rapportere til styringsgruppa for delprosjektet (som andre faggrupper)

Samarbeid med S3 Teknologi og digitalisering:

Faggruppa vil samarbeide med S3 om gjennomføring av oppdraget. S3 og prosjektorganisasjonen generelt arbeider med å sette opp ein hjelpefunksjon for å støtte dei ulike delprosjekta i det innovative arbeidet. Denne hjelpefunksjonen er under utforming og det vert gitt meir informasjon om dette seinare.



Vedlagte mål frå A4

Vedlagt her ligg måla for digitaliseringsarbeidet som blei utarbeidd av tidlegare delprosjekt A4 IKT og digitalisering. Måla vart godkjent av prosjektleiar 5. april 2018.

Måla er delt i effektmål og resultatmål i samsvar med overordna styringsdokument for samanslåingsprosessen. Effektmåla er satt med ambisjon om at dei står seg i prosjektperioden, mens vi kjem til å revidere resultatmåla underveis etter kvart som dei eksisterande måla som blir nådd og nye moglegheiter materialiserer seg. Det vil og verte gjennomført andre tiltak enn dei konkrete resultatmåla for å oppnå effektmåla.

Dei fleste måla avhenger av aktiviteter i resten av organisasjonen, og faggruppene for Innovasjon og digitalisering vil vere sentrale for å nå disse måla. Første fase i dette arbeidet vil vere ei innleiande kartlegging som beskrive nedanfor.

Innleiande kartlegging

I arbeidet med innovasjon og digitalisering treng vi kunnskap om situasjonen i kommunane per no. Dette er ein viktig start for at vi skal nå måla for digitalisering, og er naudsynt kunnskap både for faggruppene for Innovasjon og digitalisering og for sentral prosjektstab.

Faggruppa for Innovasjon og digitalisering skal sørge for at følgande kartlegging er gjort og kommunisert til S3 **innan utgangen av oktober 2018**:

- Kva for innovasjonsprosjekt er planlagt eller pågåande innan området?
- Kva for manuelle arbeidsprosessar finnest innan området som kan være gjenstand for heil eller delvis automatisering?
- Kva for hindre har vi mot digitalisering i våre organisasjonar?
- Kva for hindre mot vår digitalisering finn vi hos andre aktørar?
- I kva for situasjonar kvar vi er eit hinder mot digitalisering hos andre?
- Kva for manuelle puncheprosessar finnest?:
 - o papir -> fagsystem
 - o e-brev -> fagsystem
 - o fagsystem -> fagsystem
- Finnest det lavhengende digitaliseringstiltak som kan betre tenestene. For eksempel moduler i fagapplikasjon?
- Har vi kunnskap (data) i våre system som vi kunne brukt for å betre tenestene?
- Er det kunnskap (data) vi burde hatt for å betre tenestene, inklusive bruk av sensorar?
- Har vi strukturerte offentlege data som vi kan gjere offentleg tilgjengeleg i ein lettare form (Opne data). Enten gjennom regelmessig uttrekk eller sanntidsoppslag mot våre data.
- Når sendes det fysiske brev og kvifor?
- Er det publikumsløysningar som kan takast i bruk?

Nærare informasjon om format for levering kjem seinare.